



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ålhus sokneråd

## Møtebok

Styre, råd og utval <b>Ålhus sokneråd</b>	Møtestad Misjonshuset på Skei	Møtedato <b>03.06.25</b>
Arkiv nr.	Møtestart 19.30	Møteslutt 20.15

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge,(1. vara) Ingvill Marie Støfringstøl, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Geir Sørebo,(prest) med på Teams, Annette Svidal Slåtten,(leiar Ålhus), Solveig Steenslid Lesto, Bernt Kjøsnes, Inger Johanne Klakegg.

Meldt forfall:  
Solveig Steenslid Lesto

**Saker 12-17/25**

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

### **Sak 12/25 Godkjenning av innkalling**

Framlegg til vedtak: Innkallinga godkjend utan merknad

Vedtak: Innkallinga godkjend utan merknad

### **Sak 13/25 Godkjenning av referat 10.03.25**

Framlegg til vedtak: Referat godkjend utan merknad.

Vedtak: Referatet godkjend utan merknad

### **Sak 14/25 Vassenden gravplass – store graner e-post frå Randi Gjesdal.**

Framlegg til vedtak: Soknerådet tilrår felling av granene og sender tilrådinga over til driftsleiar Ingvar Vagstad.

Vedtak: Soknerådet tilrår felling av granene og sender tilrådinga over til driftsleiar Ingvar Vagstad.

### **Sak 15/25 Konfirmantjubileum 24. august Ålhus sokn**

Inger Johanne Klakegg og Solveig Magnhild Stenslid Lesto startar arbeidet med å finne namn og adresser til 50 årskonfirmantane, Inger Johanne Klakegg tar kontakt med kyrkjekontoret for å få namneliste. Kyrkjekontoret må hjelpe til å sende ut invitasjon og informasjon.

**Sak 16/25      Song mot haust gudsteneste 18. august i Helgheim kyrkje**

Særskilt invitasjon til bebuarane på omsorgssenteret på Vassenden, pårørende pensjonistar og heimebuande. Ingeborg Slåtten og Solveig Magnhild Stenslid Lesto sørger for informasjon om gudstenesta til omsorgssenteret. Må be kyrkjekontoret om hjelp til å få laga plakatar. Oppmode bebuarane om å bruke taxikort.

**Sak 17/25      Meldingar/orientering**

- Til friluftsgudstenesta i Bjørkelia kan ein oppmode folk om å ta med klappstol. Dette bør stå i Hyrdingrøysta som tillegg i preikelista.
- Soknerådet må be kyrkjekontoret om rapportering i budsjettet - kva vi sit igjen med månad for månad. Vi treng ei oversikt om kva vi har og kva vi brukar
- Soknerådet ber om at Sissel Vartdal kjem på eit soknerådsmøte og informerer litt om forståelsen av budsjettet.

Inger Johanne Klakegg  
referent